



Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)
– ref. 2014/1230"

Stad og dato: ...Fitjar..14..desember.2016.....

Namn på arrangement

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar	Set kryss
1. Fotgjengar	x
2. Sykkel	x
3. Fart og rus	x
4. Barnehage	x
5. Barneskule og ungdomsskule	x
5. Vidaregåande skule	x
6. Vaksne	
7. Eldre	x

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017 Set kryss

Trafikksikringsarbeid i kommunane
Møteulukker utanfor tettbygde strok
Mjuke trafikantar i byområde

Namn på tiltaket

Namn på søker Fitjar Frivilligsentral	Organisasjonsnummer 980 992 934
Adresse Havnaveien 1 /Sentrum	Postnummer og poststad 5419 Fitjar
Kontaktperson Ellinor Austad Bergesen	Kontonummer 3520 54 53901
E-post post@fitjar.frivilligsentral.no	Telefon 971 43 785

Totalkostnad	62500	Søknadssum	27500-
Skildring av prosjektet:	<p>I samarbeid med barnehagar, skule, seniorsenter, vidaregåande skule vil ein ha ei trafikk-fokusveke i veke 14 i 2017 i Fitjar.</p> <p>Desse dagane vil ein ta inn Trygg Trafikk, Statens Vegvesen trafikkskular, NAF, Politi, Krisehandteringsgruppe i kommunen samt det lokale brannvesen for å ha trafikkfokusveke.</p> <p>I tillegg vil ein ha ein trafikksikringsdag for elevar i 9.,10.trinn på ungdomsskulen og alle klassane i vidaregåande skule torsdag 6. april. Vi vil her ha inn eit trafikkoffer med familie for ha ein sluttappell . Dette vil ikkje kosta oss noko, da Gjensidige-stiftelsen dekker dette. Dei har òg med ein foredragshaldar som er forsker på trafikk - tryggleik og ungdom som skal snakka til oss.</p> <p>Felles enkel lunsj for alle midt på dagen, tilberedt på rimelegaste nivå.</p> <p>Fredag er det seniordag på seniorsenteret med gjennomgang av nye reglar, m.v. og oppjustering av trafikktryggleik gjennom trafikkskule som vi har fått med oss på laget. Vi reknar og med å ha ein praktisk post til dei òg.</p>		
Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?	<p>Oppretthalding av kunnskap kring trafikktryggleik skjerpar oss, og er heilt nødvendig- ikkje berre for russekull som skal ha vårsprett og feiring, men for alle i samfunnet. Ein ser fortsatt i spørjeundersøkingar blant ungdom at tema kring trafikk og sikkerhet fortsatt ikkje er heilt der ein ønskjer det</p> <p>Ved å arbeida systematisk på heile Stord-øya kring trafikktryggleik, har ein von om at dette vil betrast.</p>		
Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?	<p>Rimbareid skule - deltek med lærarstab både i planlegging og undervegs på sjølve TS-dagen</p> <p>Styre i seniorsenter - deltek i gjennomføring av seniordag. Fitjar Vg skule deltek både i planlegging og undervegs. Elles vegvesen, trafikkskular, NAF,Politi, brannvesen, med fleire er med</p>		
Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Planlagt start	03.04.2017	Planlagt slutt	07.april 2017
Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast	Fitjar Kommune. Rundt i barnehagar ,skular og seniorsenter. TS-dag i og rundt Kulturhus.		

Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Leige lokaler	8.500	Hordaland Traf.sikringsråd
Teknisk lyd/lys	1.000	Hordaland Trafikksikringsråd
Kopiering og brev til foreldre	1500	Hordaland Traf.sikringsråd
Rekvisita til minnestund + film	1000	Hordaland Traf.sikringsråd
Felles lunsj	13.500	Hordaland Traf.sikringsråd
Uforutsette utgifter	2.000	Hordaland Traf. sikringsråd
*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):	35 000	Egenandel lærerlønn og instruktør/administrasjon.

Søknadssum:	27500,-
Totalkostand:	62500

*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 ‰ av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.